

Fra: Elisabet Skrede [Elisabet.Skrede@sfj.no]

Til: Anne-Kjersti Stavø Stenehjem [Anne-Kjersti.Stenehjem@sfj.no]

Kopi: harald.ekroll@enivest.net [harald.ekroll@enivest.net]; Clara øberg [Clara.Oberg@sfj.no]; åsta Ellinor Charlotte Vaim [Asta.Ellinor.Charlotte.Vaim@sfj.no]; Siri Espedal Vold [Siri.Espedal.Vold@sfj.no]

Sendt: 22.12.2017 13:39:07

Emne: SV: Offentlege tannhelsetenesta - fylkesrådet for eldre

Vedlegg: image001.png

Hei.

Tannklinikken på Sande har vore bemanna med tannhelsepersonell frå Førde tannklinikk som har ambulert 2 dagar i veka. Der har dei gjort undersøking og behandling på pasientar som har rett på gratis tannbehandling pga. heimesjukepleie (gruppe C2) og rusmiddelavhengige med vedtak (gruppe E). Alle pasientar i gr.C2 som har gitt samtykkeerklæring i 2017 er blitt ferdigbehandla av ambulerande tannlege ved Sande tannklinikk i løpet av våren 2017.

Personell frå Førde tannklinikk har også i haust vore på sjukeheimen og gjort tannhelseundersøkingar på pasientar der (gruppe C1). Alle sjukeheimar i fylket får besøk av tannhelsepersonell årleg som gjer slike undersøkingar på pasientar som har skrive under på samtykkeerklæring og takka ja til tilbodet.

Tannlege vil ambulere 2 dagar til Sande tannklinikk i januar 2018 for å ferdigbehandle gruppe C1 og C2 som treng behandling. Etter det avsluttar vi ambuleringa til Sande, og pasientar frå Gaular vil bli innkalla og behandla ved Førde tannklinikk. Dette er i tråd ved fylkestingvedtak 16/1116: Tannhelsetenesta - ein framtidsretta klinikk- og tenestestruktur.

Førde tannklinikk har årleg samarbeidsmøte med Pleie- og omsorgstenesta i kommunen, i tillegg til samarbeidsavtale og undervisning. Gaular kommune har også fått tilbod om å overta ein tannlegestol i samband med avvikling av tannklinikkar.

Når drifta ved Sande tannklinikk blir avvikla, vil alle pasientar frå Gaular som har rett til gratis tannbehandling bli innkalla og behandla ved Førde tannklinikk, med unntak av eldre pasientar på sjukeheimen som vil få tannhelseundersøkingar på sjukeheimen som før. Dersom kommunen vil overta ein tannlegestol kan vi utvide dette tilbodet. Samarbeidsmøter med Pleie- og omsorg i kommunen, samarbeidsavtale og undervisning vil foregå som før.

Med helsing

Elisabet Skrede

Fylkestannlege

Sogn og Fjordane fylkeskommune

www.sfj.no | Elisabet.Skrede@sfj.no

tlf: +47 57638055

Fra: Anne-Kjersti Stavø Stenehjem

Sendt: 22.12.2017 13:39:07

Sendt: torsdag 21. desember 2017 09:41

Til: Clara øberg <Clara.Oberg@sfj.no>; Elisabet Skrede <Elisabet.Skrede@sfj.no>

Kopi: harald.ekroll@enivest.net

Emne: Offentlege tannhelsetenesta - fylkesrådet for eldre

Hei!

Viser til sak 14/17, meldesak 1 i møte 29. november 2017, fylkesrådet for eldre:



Fint om ein av dykk kunne sendt informasjon om korleis tannhelsetenesta fungerer i praksis etter endra klinikkstruktur ut mot brukarane, og då spesielt dei eldre om menneske med nedsett funksjonsevne.

Fylkesrådet for eldre har møte i Førde 6. februar 2018, så om ein av dykk har høve til å møte her for å informere, hadde fylkesrådet for eldre sett stor pris på det.

Med helsing

Anne-Kjersti Stavø Stenehjem

rådgjevar, fylkesrådmannen - stab

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Askedalen 2, 6863 Leikanger

www.sfi.no | Anne-Kjersti.Stenehjem@sfi.no

sentralbord: +47 57638000 | mob: +47 95725658